



FUB meiner

Mat i barnehagen



Ni av ti av barn i Noreg mellom eitt og fem år går i barnehage og fleire av barna sine måltider etast i barnehagen. Regelmessig inntak av næringsrik mat har stor betydning for barnet si evne til å vera i leik og aktivitet, samt for barnets heilskapelege utvikling.

FUB veit at kvaliteten på maten som serverast, og korleis ein steller til måltidet som ein pedagogisk arena, er varierende i norske barnehagar. Foreldregruppa har eit ønske om, og bør få innsikt i barnehageeiar/styrars matbudsjett. I barnehagelova er budsjett framheva som ei viktig sak og skal dermed leggest fram for samarbeidsutvalet (SU). FUB ynskjer at alle barnehagar sett matkvalitet og matbudsjett inn i årshjul for samarbeidsutvalsmøter. Det er viktig med eit godt foreldresamarbeid rundt mattilbodet i barnehagen, både når det gjeld kvaliteten på tilbodet, og beløpet på kostpengane. FUB er oppteke av at det skal vere nok vaksne saman med barna i kvardagen og oppmodar foreldra og barnehagen til å snakke om korleis rutinane for matlaging fungerer i barnehagen.

FUB meiner

- Mat og drikke som serverast må ha utgangspunkt i Helsedirektoratets retningslinjer for mat og måltid i barnehagen.
- Kompetansen om matlaging og ernæring må styrkast for å få god kvalitet på mattilbodet i alle barnehagar.
- Barnehagens kjøkkenfasilitetar må være i tråd med mattilbodet barnehagen tilbyr.
- Arbeidet med mat og måltid i barnehagen må gå føre i nær forståelse og samarbeid med heimen.
- Mattilbodet bør være ei årleg sak på SU-møter der foreldra får innsyn i matbudsjettet og moglegheit til å kome med innspel.
- Barnehagen bør tilby minimum eitt ernæringsriktig måltid per dag.



- Å inkludere kostpengane i foreldrebetalinga kan vere ei god løysing slik at ei eventuell avkorting eller moderasjon også påvirker kostpengane.
- Det må gis rom for lokale tilpassingar for barnehagar som til dømes har lokale mattradisjonar som ein del av sitt pedagogiske tilbod.
- Barnehagane kan krevje legeattest på barnets allergi for å kunne tilby tilpassa mat.
- Personalet på kjøkkenet skal reknast utenom grunnbemanningen. Kjøkkenpersonalet må ha ekstra kunnskap og kompetanse på ernæring og matlaging.
- Ved planlegging av nye barnehagar må det etablerast tilstrekkelege kjøkkenfasilitetar slik at det blir mogleg å lage mat i barnehagen.

Hovedutfordringar slik FUB ser det

Ein faktor går igjen blant barnehagane som lykkast med eit godt mat- og måltidstilbod; det er forankringa i toppen, anten det er leiinga i den einskilde barnehagen, i kommunen eller barnehagekjeden. I desse tilfella prioriterast kjøkkenfasilitetar, kompetanseheving og pengar til råvarer. For at alle barnehagar skal ha moglegheiten å servere varmmat meiner FUB at det er naudsynt med eit minstekrav til kjøkkenfasilitetar.

At det er så store variasjonar er ei utfordring. Mens nokon tilbyr varme måltid laga av eigen kokk kvar dag, stiller andre barnehagar kun med tallerkenar og koppar, og er avhengige av at foreldra sjølve sørger for variasjon i matpakka dei sender med barna. Foreldre på si side har ei forventning om at barnehagen serverar sunn mat. Ei foreldreundersøking frå Forbrukerrådet i 2018, avsløra at i underkant av åtte av ti foreldre meiner at det må forventast at barnehagen serverar sunn mat. Vidare viste undersøkinga at barn i kvar fjerde barnehage berre får grønnsaker ein gong i veka eller sjeldnare. Dette er ikkje godt nok. Gapet mellom forventning og realitet viser viktigheita av at foreldra sjølve blir meir bevisste og viser engasjement for kosthaldet i barnehagen. Samstundes er det barnehageeiarers ansvar å vere open overfor foreldra angående retningslinjer og matbudsjett. FUB ynskjer at mat i barnehagen skal vere eit fast tema på SU-møter der ein snakkar om kvaliteten på mattilbodet i barnehagen og saman ser på matbudsjettet.

Dei som handler inn og lagar mat i barnehagen bør ha ekstra kjennskap om ernæring til barn i barnehagealder og kjennskap til matlaging. FUB erfarer at mange barnehagar bruker grunnbemanning uten naudsynt kompetanse. I mange tilfelle går personressursar til å lage mat og ikkje til å vere tett på barna i leik og aktivitetar. FUB ynskjer at barna skal ta aktiv del i matlaginga med eit eige kjøkkenpersonal utanfor barnehagens grunnbemanning, med ekstra kjennskap til ernæring og kompetanse rundt matlaging.

Foreldrebetaling for kost varierer frå 175 til 750 kroner. FUB frykter at foreldrebetalinga for mat kan bidra til sosiale skilnader. Det kan óg tenkast at beløpet på kostpengane er styrande for valg av barnehage, noko som ikkje er greit.

FUB ynskjer at kostpengar skal innlemmes i foreldrebetalingen for barnehageplassen slik at det er mulig for foreldre å få moderasjon ved behov. I dag er dette ikkje mogleg i barnehagen.



Eksempler på rådgjevingar til FUB

- Mattilbodet i barnehagen er dårleg i forhold til ein pris på 400 kroner i månaden. Har eg rett til å sjå barnehagen sitt matbudsjett?

- Barnehagen vår serverar berre vegetarmat til barna. Barna på liten avdeling får fisk ein dag i veka, mens resten av barna ikkje får fisk. Eg er uroa for at jenta mi ikkje får i seg næringsrik nok mat. Eg har tatt det opp med barnehagen og SU, men det er lite samarbeidsvilje her og styrer vil ikkje gje meg svar. Korleis kan eg som mamma ta saken vidare?

- Kan barnehageeiar nekte SU-representantar å få innsyn i barnehagens rekneskap og matbudsjett?

- Guten min går i ein liten, privat barnehage med 40 barn. Vi betalar 450 kroner månaden for mat. Foreldregruppa kan ikkje skjøne at maten dei får koster så mykje. Vi har spurt om å få sjå budsjett for matpengane, men det får vi ikkje. Styrar seier at dette blir vanskeleg då ho har budsjettet på eit eksternt lager. Kan vi foreldre krevje å få sjå budsjett?

Oppsummering

Ansatte som lagar mat i barnehagen må ha kompetanse på ernæring og matlaging. Dette er viktig for å gjere kvaliteten på mattilbodet i barnehagen godt. FUB meiner óg det er ein fordel om barnehagane har eige kjøkkenpersonell som kjem utanom bemanningsnorma. FUB ynskjer at mattilbodet i barnehagen skal vere inkluderande og av den grunn er det viktig å sjå på moderasjonsordningar for foreldrebetaling på mat, slik at matpengar ikkje blir utslagsgjevande for kva for barnehage foreldre sender barna til. Ein barnehagen med gode kjøkkenfasilitetar vil óg gjere det enklare for barnehagane å lage mat og, ikkje minst, mogleg å ta barna med på kjøkkenet.